

iVest Consult treng fleire medarbeidarar

iVest Consult AS er eit rådgjevande ingeniør og arkitektsselskap, som driv med fleirfagleg rådgjeving innan bygningar, anlegg, infrastruktur, arealplan, miljø, energi og vasskraft. iVest Consult er eigd av dei tilsette og er eit selskap med fagleg dyktige menneske i kontinuerleg utvikling. Som tilsett i iVest Consult får du tilbod om medeigarskap.

Selskapet har i dag 35 tilsette og utgjer eit betydeleg kompetansmiljø i vårt distrikt. Vi har oppdrag langt utover vårt nærrområde og deltek i prosjekteringsgrupper på fleire større prosjekt.

Vi held til i Sentrum av Florø, der vi har kontor i nye lokale i 3. og 4. etasje av Strandgata 15 og 17, i eit spanande fagmiljø med reklamebyrå, advokatar, finans, rekneskap, fiskeri og havbruk m.m., og med hamna som nærmaste nabo.

Sivilingeniør – Bygg- og anlegg/Konstruksjon

Vår oppdragsmengde aukar og vi ynskjer difor å få tilsett ein erfaren sivilingeniør innan prosjektering av bygg- og anlegg m.m., som umiddelbart kan gå inn i rolla som fagansvarleg for konstruksjon. Vi prosjekterer, modellerer og utarbeider komplette anbudsgrunnlag for både private og offentlege aktørar. Våre oppdrag er gjerne knytt til konstruksjon for seg, eller i kombinasjon, og ofte også i samanheng med fleire andre fagfelt, som t.d. Arkitektur, VVS, elektro og fornybar energi.

Vi ønskjer at du:

- Har godt humør, engasjement og trivast med høgt tempo.
- Er utdanna sivilingeniør innan bygg- og anlegg med hovudretning på konstruksjon.
- Helst har 8 års relevant yrkeserfaring innan konstruksjon.
- Kan gå inn i rolla som prosjektansvarleg for byggeprosjekt og som fagansvarleg for fagområdet konstruksjon.
- Har gode leiareigenskapar.
- Har stor interesse for og god kunnskap innanfor programvare tilknytt fagområdet.
- Har gode evnar og vilje til å arbeide både sjølvstendig og i team.
- Har gode evnar til skriftleg og munnleg framstilling på norsk.

Vi kan tilby:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver, med gode utviklingsmoglegheiter.
- Spanande arbeidsmiljø med stor fagleg breidde.
- Ein arbeidsplass med fokus på miljø – både fagleg, i utføring av arbeidsoppgåver og sosialt.
- Konkurransedyktige tilsettingsvilkår og tilbod om medeigarskap.
- Flotte lokaler i Florø sentrum.
- For erfarne og sjølvstendige kandidatar, kan det vere aktuelt å etablere satelittkontor andre stader i landet, alternativt sitte noko på heimekontor.

For meir informasjon om oss, sjå inn på: www.ivistconsult.no

Søknad og CV sendast til post@ivistconsult.no, snarast råd.

Merk søknad med "Sivilingeniør - Bygg- og anlegg/konstruksjon"

Kontaktpersonar: Albert Frøyen 966 27 982/ Jan-Inge Hage, tlf 975 11 472